

# *BOKN BYGDABLAD*

---

NR 8 - OKTOBER 1994 - ÅRG. 9

---

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## **KOMMUNEN YNSKJER AUKA AKTIVITET I ALVESTADKROKEN**

### **Dei fastbuande vurderer reguleringsplanen ut frå eigne interesser**

I det orienteringsmøtet som Bokn kommune hadde kalla inn til den 15. august møtte i tillegg til huseigarar nederst i Alvestadkroken også ordførar og teknisk sjef. frå Fylkeskultursjefen møtte arkitekt Arne Lindeberg.

Teknisk sjef Hans Faye orienterte først om det framlagde forslaget til reguleringsplan for Alvestadkroken, som m..a. foreslår at eksisterande sjøhus må kunna omgjerast slik at dei kan brukast til utleige i turistsamanheng. Også på området til Tor Alvestad på Krogneset er det foreslått at det kan setjast opp utleigehytter der kor det tidlegare sto ein 'galgje' kor ein tørka fiskenøter. Steinar Alvestad har alt fått klarsignal og har rehabiliterert sitt sjøhus både utvendig og innvendig etter strenge vernekraav m.h.t. byggjestil. Han har planar både om utleige til turistar og eit selskapslokale som omrent er ferdig.

Arkitekt Arne Lindeberg som har ei rådgjevande rolle orienterte om kva

som skjer på dette feltet elles i fylket. Han viste til fleire stader kor reguleringsplanar har ført til at ein har fått bevart mykje av det gamle bygningsmiljøet, t.d. i Skudeneshavn.

Frå bebuarar og grunneigarar virka det som at det ikkje var usemjø om dette med å ta vare på bygningsmiljøet. Derimot var det svært ulike meiningar om kva ein skulle kunna bruka sjøhusa til. Hytteeigarar og fastbuande som sjølv ikkje hadde sjøhus var sterkt imot utnytting av sjøhus a til turisme og selskapslokale. Dei meinte det ville skapa trafikkstøy, parkeringsproblem, og andre ulemper. Nokre av desse aksepterte at Steinar Alvestad skulle drive selskapslokale, mens andre meinte at også dette var til stor ulempe. Nokre sa også at nybygg på Krogneset ville stenga for utsikt og øydeleggja landskapet.

Grunneigarane som hadde utbyggingsplanar, viste til at Alvestadkroken for ikkje altfor framh. s. 2

## **ALVESTADKROKEN..**

mange år sidan hadde vore ein levande og blomstrande handelsplass med fiskebruk, rutebåtar og not bruk som skapte trivsel og aktivitet til alle døgnets tider. Det budde også mykje folk her tidlegare, og det var aktivitet i sjøhusa. I dag er det nokså stille.


Dei meinte det måtte kunna aksepterast at grunneigarane i dag på ny vil skapa ny næringsverksemd - viss ikkje vil berre sjøhusa forringast og stå ubrukta. Dei meinte at eventuell ny aktivitet ikkje ville bringa med seg meir støy og ulempe enn det som var før. I tillegg ville ein kunna få området i bygningsmessig god stand, og skapa aktivitet, trivsel og nytt inntektsgrunnlag. Ein av grunneigarane sa at dersom ein heile

veien skulle møta motstand mot ny næringsverksemd, ville det ta motet frå dei fleste.

Det var interesse for at planen skal kunna gi ein peikepinn på kor mange av sjøhusa som skal kunna gjerast om til turistføremål. Det var også interesse å få inn i planen ein pir nordover frå kaien til Steinar Alvestad, slik at ein kan få mulighet til å få ein stad der småbåtar kan liggja utafor sjøhusa utan å bli sjeneret av sjøgang frå båttrafikken gjennom sundet.

Planen skal leggjast ut til høyring etter 1. gongs behandling i bygningsrådet.

## **MILJØBIL FOR SPESIALAVFALL**



Onsdag den 5. oktober kl. 9.00 til 10.00 vil det bli stasjonert miljøekspress for mottak av spesialavfall ved krysset riksvegen/Føresvik. Her kan du levera restar av måling, lakk, løysemidlar, brukt olje og gamle bilbatteri o. l.

Du kan også levera spesialavfallet ditt på Toraneset Renovasjonsplass. Større ting som kvitevarer/kjøleskåp må leverast direkte på Toraneset da det tek for stor plass i miljøbilen.

Sett **A L D R I** frå deg spesialavfall ved avfallscontainerane som er utplasserte. Det kan føra til stor fare for dyr, born og andre som kan koma i kontakt med avfallet. (La oss sleppa og sjå bilbatteri ved containerane heretter.) Lagre og spesialavfallet ditt fornuftig heime slik at det ikkje kjem i nærleiken av born og dyr. Pass også på at det ikkje forurensar naturen på eit eller anna vis. Miljøbilen vil no gå i rute 2 gonger i året.


Teknisk etat

# **BRANNSJEFEN INFORMERER**

## **Eiere/brukere av ildsteder ANTENNELSE AV VEGG BAK BRANNMUR**

I den senere tid er det registrert branntilfeller i isolert trevegg bak brannmur i forbindelse med vedfyrt ildsteder, som er enkeltvegget og avgir mye varme ved stråling. De fleste tradisjonelle støpejernsildsteder er av denne typen.

Ved hard fyring vil trekonstruksjonen bak brannmuren i slike tilfeller kunne bli pyrofor (forkullet) og antenne, selv om ildstedet er montert i normalavstand fra brannmur. Dvs. ikke nærmere enn 10 cm.



*Tegning: Selvantenning i vegg bak brannmur*

### **Aktuelle tiltak kan være:**

- I spesielle tilfelle vurdere behovet for å flytte ildstedet enda lengre vekk fra brannmuren (f.eks. slik at avstanden blir 15 cm.)
- Erstatte treveggen med brannmur helt ut.
- Plassere en flyttbar skjermplate av metall på gulvet mellom ildstedet og brannmuren.

Er du i tvil kan du kontakte brannsjefen som vil kunne se på forholdene og eventuelt gi råd om aktuelle tiltak for å hindre brann.

Vær varsom med sterk fyring og bruk bare det brenselet som er anbefalt i bruksanvisningen for ildstedet. Best kontroll med temperaturen har du ved å fyre med hyppige små ilegg.

**BRANNSJEFEN**

## ***HOBBYEN MIN:***

***Margrete og Augustin Jøsang samarbeider både i hagearbeidet og den store hobbyen som er å laga dokker.***

Det er ikkje enkelt å gjera eit kort besøk hos Margrete og Augustin Jøsang. For det første er det så mykje å sjå både ute og inne at det tar lang tid å koma over alt. For det andre kjem du deg ikkje unna kaffikoppen og drøsen, anten ute i friluft, i hagestova eller inne - alt etter kor det passar best med veret.

Den fine hagen har dei sjølvsagt ikkje fått til utan å ha nedlagt mykje arbeid. Dei har to drivhus kor dei m.a. dyrkar ein del tomater. Elles er det ei mengd med andre slags planter og buskar over alt i hagen. Dei fortel at ein god del formerer dei sjølv ved å ta stiklingar. Elles sår dei sommarblomster og mykje anna. Og alt ser ut til å trivast. Margrete seier at interessa er litt på hell nå på haustparten. Så nå er det helst å ta til å førebu haust og vinter også for hagen sin del.

Men elles er det mykje interessant og fint å sjå både ute og inne. Særleg er det mykje hobbygjenstandar. I hagen har dei eit heilt lite hus fullt av dokker i ulike utformingar og storleikar som dei har laga. Det er nissar, fiskarar, heksar, mus, tekoner og andre typer figurar som dei begge er med på å laga. Augustin tek seg av 'grunnlaget' til kroppane ved at han klypper til og former strengene som utgjer armar, kropp og bein. Han lagar også til trekubbane som nokre figurar sit på. Elles er det Margrete som har alt det andre arbeidet med å laga hovud og andlet, stoppa opp kropp, armar og bein. Det er eit møy sommeleg arbeid som krev tålmod og at ein er nøye. Ho malar auger og munn på eit fint stoff som ho limar på hovudforma. Det krev lang erfaring og talent for å få dette fint. Klærne syr ho sjølv. Dette har ho god trening i, då ho i tidlegare år sydde det meste av klærne til sine eigne barn, og klærne til dokkene deira.

Stoff, stapping, utstyr m.v. til hobbyen sin kjøper Margrete på Ide-huset i Haugesund, og på Mariero. Ho kjøper sekkevis av putefyll til å stappa i dokkene. På Fretex kjøper ho ullgenserar o.l. som ho brukar på mange av dei figurane som skal ha strikkekofter på seg. Ho må klippa dei opp og sy dei på ny. Ho må varma klærne litt opp i mikroomn for å greia å vrengja armar og bein når klærne skal på dokkene. Ja, det er allslags finesser og måtar ein må finna ut sjølv dersom ein skal få alt til.

Margrete brukar fine stoffer til nokre av dokkene. Dei blir derfor meir kostbare enn mange trur. Også sko, smykker, parykkar og andre ting er med på og dreg

kostnaden opp. Det er derfor ikkje særleg att til ‘timebetaling’ når ho skal selja produkta. Men så er det ekte varer, og det er handarbeid.

Så reiser dei av og til på messer og prøver å få litt avsetnad på produkta. Av og til får dei selt ein del, andre gonger lite. Her treff dei andre som har andre produkt, og av og til gjer ho eit byte, eller kjøper hobbyartiklar av andre. Det er ikkje alltid ho har særleg avsetnad, men det er ikkje andre som har same produktet. Så hender det at folk har sett produktet hennar hos andre, og så ringer dei og og vil kjøpa. Ho sender både til Oslo og andre stader. Margrete fortel at ho brukar dei pengane ho får inn til å kjøpa nytt ‘råstoff’ til nye dokker, lim og anna materiell. Ho seier det er glede til å驱va med hobbyen som er drivkrafta. Ho prøver seg stadig med nye typer figurar, og det er spennande om ho får dei fine. Ho gjer seg bruk av mange ting i hobbyen sin. M.a. brukar ho gamle ‘oljeklær’ til fiskarane ho lagar. Klipper opp og syr små buksar, jakker og sydvestar. Augustin sette store auger då han oppdaga at det var klipt av eine beinet i oljebuksa hans. Men han forsto straks kor det hadde tatt veien. Det var berre å sjå på dei små fiskarfigurane.

Margrete har i mange år arbeidd som heimehjelpar i Bokn. Nå er ho 67 år og pensjonist, men hobbyane sine har ho ikkje tenkt å leggja på hylla!

---

## MINNEORD

Jensine Blikshavn er død. 85 år gammal. Foreldra hennar var Sjur og Hanna Grønnestad som hadde 6 barn, 5 jenter og 1 gutt. Etter at Hanna døydde vart Sjur gift att med Boletta, og dei hadde 4 gutter og ei jente saman..

Jensine vaks opp på Økland hos Berdines og Grete Økland. Dei var onkel og tante til henne.

Jensine vart gift med Anders Blikshavn i 1932, og dei fekk 4 barn: 3 gutter og ei jente. Ein av gutane døydde som spebarn.

Jensine og Anders dreiv garden på Økland i mange år. Jensine var husmor og arbeidde på garden. Ho var også med i foreningslivet i Hognaland krins.

Frå omkring 1960 fekk ektefellen arbeid på nattruta. Seinare flytte dei til Stavanger, og budde der heilt fram til få år sidan, då dei kom tilbake til Bokn. Jensine var ein person som hadde godt humør, og ho var lett å koma i kontakt med. Ho hadde god helsa fram til dei siste åra.

Ektefelle, dei tre barna, svigerbarn, 8 barnebarn og 4 oldebarn lever etter henne. Dessutan 4 søsknen.

# **INFORMASJONSTAVLER VED FISKEVATN**

## **SKAL INFORMERA OM FARE FOR SPREIING AV VASSPEST, FISKESJUKDOMAR OG NYE FISKEARTER**

Kommunen vil i løpet av hausten få tillaga informasjonstavler om spreiingsfare for vasspest, fiskesjukdommar, og faren ved innføring av nye fiskearter i vassdraga våre.

Tavlene/skilta skal setjast opp ved ca. 10 av dei mest tilgjengelege vatna i kommunen. Grunneigarane ved dei aktuelle vatna vil verte kontakta på førehand for løyve til å setje opp skilta.

Kommunen meiner dette er eit viktig førebyggjande tiltak. Vasspesten er som kjendt eit problem i fleire vassdrag i nabokommunane våre Karmøy og Haugesund.

Vasspesten er ei undervassplante som kan skape store problem i dei vassdraga der den vert etablert. Planta sprer seg svært lett vegetativt, dvs. kun små stengelbitar er nok til å danne nye planter. Planta kan difor lett danne store, grøne koloniar i vatna. Eit av kjenneteikna er at blada som er 1-2 cm lange, sit tett oppover stengelen i tretallige kransar. Når desse store kolloniane med plantemateriale vert nedbrote om hausten og vinteren kan oksygeninnhaldet i vatnet kan gå dramatisk ned. Planta gir difor dårlige vilkår for anna liv i vatnet.

Flytting av fiskeutstyr som ruser, garn, snører, båtar o.l. frå vatn til vatn er den viktigaste spreiingsmåten av vasspest.

Faren ved spreiing av fiskesjukdommar skulle vere kjendt. Bl.a. er det ved flytting av fiskeutstyr frå

sjø til ferskvatn ein risiko for at ein får med seg sjukdomssmitte som kan gå på ferskvassfisk. I så måte er dei som nytta fersvatn i oppdrettssamanheng svært utsett.

**Førehandsreglar for å hindre spreiing av både fiskesjukdommar og vasspest :**

\* Alt fiskeutstyr (håvar, ruser, garn, snøre o.l) må vere heilt tørt ved flytting frå eit vassdrag til eit anna. Dette gjeld også støvlar, båtar, kanoar, påhengsmotorar, segbrett o.l.

\* All transport av vatn, planter, fisk o.l frå eit vassdrag til eit anna er ulovleg utan særskilt løyve.

\* Har du fiska i vassdrag der det er påvist fiskesjukdommar bør utstyret desifiserast på særskilt måte (kontakt distriktsveterinæren).

\* Ved funn av daud fisk der det er teikn på sjukdom kan distriktsveterinæren kontaktast for undersøking av fisken.

\* Fisk bør ikkje sløyast i vatnet/ bekken. Sjølv om fisken ikkje viser teikn på sjukdom kan sloet innehalde sjukdomssmitte. Grav heller ned sloet.

**SPREIING AV FISKEARTER KAN OGSÅ VÆRE EIN TRUSSEL MOT MANGFALDET I VASSDRAGA VÅRE.**

Svært mange utsettingar av fisk rundt om i Norge har gitt negativ effekt. Ørekryt, abbor og gjedde er eksempel på dette. Abbor og gjedde finns nå på Karmøy. Ørekryt er også

## **VASSPEST, FISKEsjukdommar NYE FISKEARTER...**

funne fleire stader på vestlandet. Ørekyten vert brukt ulovleg som levande agn, og spreiling av denne har ført til at næringsgrunnlaget for bl.a auren og røya vert øydelagt.

Ørekyten er ein liten fisk som er svært lik aureyngel, og spreiling har forekomme ved at folk har teke feil og trudd dei sette ut aureyngel. Ein sikker forskjell er at ørekyten manglar feittfinne.

Rovfisk som abbor og gjedde høyrer heller ikkje naturleg til i vassdraga våre. Desse vert næringskonkurrentar og reduserer sterkt dei naturlege fiskebestandane i eit vatn.

\* Utsetting og import av fisk er forbudt.

\* Fiske med levande fisk som agn er forbudt.

**VIS MILJØOMSYN – VÆR FØRE VAR!**

**miljøvernleiar**

## **REISELIVSLAG I BOKN?**

Vi har de senere år hatt en økning i turiststrømmen i kommunen. Dessverre har vi hatt lite å tilby våre tilreisende og vi får derfor lite igjen i form av inntekter og arbeidsplasser.

Det er nå en gryende interesse for turisme og vi har i vår kommune en del nye tiltak som er oppstartet og noen som vil oppstartes med det første. Utleie av hytter har enkelte gjort i mange år. Turisme er en næring som til dels er ukjent i Bokn. Næringslivsfolk og grunneiere i andre kommuner satser stort innen denne næringen.

Vi håper at vi gjennom de som er engasjert og de som har interesse for tiltak innen turisme kan danne et miljø slik at vi kan få god og ønsket utvikling innen denne næringen.

Således har et interrimsstyre arbeidet aktivt for å få etablert et Bokn Reiselivslag. I interrimsstyret sitter Sigmund Alvestad, Steinar Alvestad og Elisabeth Øvrebø. Interrimsstyret har utarbeidet forslag til vedtekter og vil invitere til et informasjons- og stiftelsesmøte. Invitasjon vil bli sent til alle husstander i kommunen. Dersom ønskelig vil en kunne få forslag til vedtekter ved henvendelse til næringskonsulenten.

Allmannamøtet vil bli avholdt torsdag 6.oktober kl. 19.30 på Allrommet, Boknatun.

Interrimsstyret håper mange vil komme og at grunnlaget for stiftelsen av Bokn Reiselivslag vil være til stede.

Stein Alendal  
næringskonsulent



## BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

# "KULTURVELDAR"

Det fleste leserar av bygdabladet har nok fått med seg kva "kulturkveldar" går ut på. Ei gruppe var med på dette i vår, og i mars og april laga 24 damer tradisjonsmat på skulekjøkkenet. Då blei det produsert potekaker, potetlefser, natronskaker og flatbrød. 5 stk. i gjengen var med som "fagpersonar", og det er nettopp dette i tillegg til det sosiale aspektet som er idéen bak "kulturkveldane".

"Fagpersonane" må sjølv sagt vera med for at dei andre skal læra, men desse kveldane er ikkje kurskveldar med lærarar og elevar. Det vesentlege er å få til eit vaksent miljø rundt forskjellige aktivitetar, og deltakarane avgjer forma på "kulturkveldane" samt kor ofte der skal vera samlingar. Planen er også å få i gong ein "kafé der alle får smaka litt på maten som blir laga. Me baserer kveldane på at deltakarane tar med seg materiell heimefrå eller at nokon kjøper inn og at utgiftene blir fordelede seinare. Aldersgrensa er 18 år.

I vår blei der foretatt ei interessemåling, og der meldte seg interesserte i fleire ting enn matlagning:

- rosemaling

- porselemsmaling
- keramikk
- akvarell
- konditorkveldar
- rep./vedlikehold av redskap
- laga tiner/esker
- laga knivar
- flaskeskutebygging
- rep. av fiskeredskap

Det var berre i tradisjonsmatlagning der var nok påmede til å setja i gong. Fleire "fagpersonar" er klare til å byrja med andre aktivitetar, så det er berre å melda seg på. No når det går mot vinter skulle det vera større interesse for inneaktivitetar enn det var i vår. Påmeldinga avgjer om ein aktivitet kjem i gong, så ikkje nøl viss du er veldig interessert i noko spesielt.

Andre idéar til aktivitetar må du også gjerne koma med.

Mandagskveldane kl. 20.00 er avsette til dette, og då kan me ha aktivitetar i både kjøkkenet, musikkrommet og sløydsalen på skulen.

Skriv, ring eller kom innom kulturkontoret på skulen dersom du er interessert i dette. Siste dag for påmelding er MÅNDAG 17.10.



## BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

Viss du melde deg på i vår og fortsatt  
er interessert i dei same aktivitetane,

treng du ikkje melda deg på ein gong  
til.

Dei påmelde blir kontakta seinare.

## "UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING 94/95"

UKM 94/95 er i gong igjen, og det er allerede no fleire påmelde enn det var i fjor! Det bygger seg dermed opp til ei variert og spanande lokal mønstring 28.1.95. Fylkesmønstringa skal også til neste år vera på Tysværtunet i mars, og ingenting er enklare for ungdommane i frå Bokn. Landsmønstringa er i Trondheim 25-28. mai 1995. Det er eit klart mål at Bokn blir representert i landsmønstringa.

UKM, som er for dei mellom 10 og 19 år, har ikkje lenger noko spesielt tema. Dette er nok noko av årsaken til den store interessa dei siste åra. Ungdommane kan visa andre akkurat det dei vil utan å tenkja på at det bør vera innafor aldersgrensa. Og det fine med UKM er at alle er velkomne til å delta, enten dei er nybegynnalar eller ikkje.

Aktivitetar kan vera:

- musikk
- teater
- drama
- bilettekst
- kunsthåndverk

- litteratur
- video
- foto m.m.

Deltakarane kan delta åleine eller saman med andre. Det er verd å merka seg at personar som er eldre enn 19 år også kan vera med i ei gruppe. Ein må berre passa på at minst halvparten i gruppa må vera innafor aldersgrensa. Og det fine med UKM er at alle er velkomne til å delta, enten dei er nybegynnalar eller ikkje.

Sjølvproduserte ting, gjerne med ein original vri, har best sjanse til å gå vidare i UKM, men dette er sjølv sagt ikkje det viktigaste. I fjor hadde me ikkje med formingsarbeider, foto eller video, og ungdom som driv med dette blir spesielt oppfordra til å melda seg på

Påmeldingsfrist: MÅNDAG 24.10



**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
TLF 52 74 85 00  
FAX 52 74 86 77

# BYGDEBOKA

**NO HAR DU SJANSEN!**

**VER MED OG LAG BOKA!**

Det trengs gamle foto før 1950:

- Personfoto: gruppefoto/portretter
- Bilete av bygningar og landskap
- Folk i arbeidslivet til lands og til vanns

Bygdeboknemnda i samarbeid med fotoavdelinga ved Statsarkivet i Stavanger er klare til å ta i mot biletet frå deg. Folk frå Statsarkivet har med utstyr som gjer at me kan kopiera og registrera biletet dine på staden slik at du kan få dei med deg heim med det same. Bileta tar ikkje skade av kopieringa, og det spelar ingen rolle om dei er lause eller i album.

Du treng ikkje sjølv sortera ut det du meiner ikkje kan ha interesse. Dette kan du trygt overlata til dei som skal registrera fotografia. Og ingen må tru at deira biletet ikkje er interessante!

Det er sett av to dagar til fotokopieringa, 22.10 og 5.11.

LAURDAG 22. OKTOBER I  
ALLROMMET, BOKNATUN  
KL. 12.00 - 15.00.

Her blir det også kaffi og litt å bita i, og ein reknar me at praten går livleg omkring desse gamle fotografiene. Hugs at "Eit biletet seier meir enn tusen ord".

**LA IKKJE DETTE HØVE TIL Å  
GJE DEI GAMLE BOKNARANE  
EI FRAMTID I BYGDEBOKA GÅ  
FRÅ DEG!**



*Den fyrste bilen i Bokn.*

*Biletet er frå "Sunnalandsgrubå", tatt ca. 1928.*

*Her held dei på med "grusing", og me ser m.a. frå v. Jacob Borgenvik og Johan J. Steinsvold med kvar sin spade.*



## BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

# ABRAKADABRA TEATRET

MÅNDAG 7. OKTOBER KL. 18.00

kjem ABRAKADABRA TEATRET  
til Bokn skule med forestillingen:

"SEKKEN MED DET RARE I"

Stykket er for barn og vaksne frå 3 år og oppover. "Sekken med det rare i" har vore spela ei rekke gonger for barnehagar, skular og som ope forestilling rundt omkring i heile Norge.

Forestillingen er bygd opp rundt ein gamal ryggsekk. I sekken er det forskjellige rare ting som er symboler eller utgangspunkt for dei elementa som forestillinga inneheld. Temaer er m.a. forureining og miljø, og bestevener - alt på ein humoristisk måte. "Sekken med det rare i" er sett saman av songar, musikk, gjøgling og trylling. Dette er moro som publikum får god anledning til å delta i.

ABRAKADABRA TEATRET spelar for og med barn og vaksne. Dei meinar det er viktig at barn og vaksne opplever ting saman.

Medverkande og ansvarlege for "Sekken med det rare i" er Annemor og Trond Magnum.

Forestillinga varer ca. 1 time og kostar kr. 20,-

VEL MØTT!

**ABRAKADABRA**



**TEATRET**





**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
TLF 52 74 85 00  
FAX 52 74 86 77

# INNBROT, KYRKJEBYGD SKULE

Det har vore innbrot i Bokn Diskotek og "Petra" Fritidsklubb sine lokaler i Kyrkjebygd skule. Det har forsvunne utstyr for kr. 12.500,- Innbrotet blei oppdaga 8. september om kvelden, og det har skjedd i tidsrommet 24.8 - 8.9.

Diskotek-lokala har sidan i sommar vore under oppussing, og drifta for

dette skuleåret har enno ikkje starta. Innbrotet blir derfor ikkje kopla til desse aktivitetane.

Det er ingen teikn til at noko er brote opp i bygget, og lensmannen i Tysvær seier at det er grunn til å tru at uvedkommande har gått gjennom ulåst dør. Innbrotet blir etterforska på vanleg måte ved lensmannskontoret.

## **Bokn skule**

**4290 BOKN**

### **Innskriving til 1. klasse onsdag 19.oktober 1994**

Det blir innskriving til 1. klasse onsdag den 19.oktober 1994 kl. 08.30 i 6-års rommet.

Vi håper foreldra har høve til å møte og vere saman med barna om innskrivinga. Alle samlast først i 6-års rommet der barna sitt namn blir skrive inn i ei bok. Dei som har lyst få rskrive namnet sitt i boka sjølv.

Deretter kjem sannsynlegvis fadrane frå 5. klasse og klassestyrar Frøydis Almås for å hente 6-åringane og avdelingsleiar Unni Øvrebø til eit besøk hos 5. klasse. Mens 6-åringane er hos 5. klasse, har vi vaksne høve til ein samtale om skule og skulestart.

Eg er ikkje sikker på kor lang tid alt dette tek, men vi bør vere ferdige seinast kl. 10.00.

Vel møtt til ei høgtideleg stund for oss alle.

Dag Halvorsen

### **PIGGSVIN?**

Viltnemnda i Bokn har fått spørsmål frå Zoologisk Institutt i Trondheim om det er piggsvin i Bokn. Dersom du har observert piggsvin her i 1993 eller tidlegare, kan du snarast ta kontakt med Tore Taraldlien i tlf. 52 74 85 00 i arbeidstida, ev. tlf. 52 74 85 44 etter arbeidstid. Observasjon frå 1994 er ikkje aktuelt.

# BOKN FOLKEBIBLIOTEK

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : kl.16.00 - 19.00

TORSDAG : kl.10.00 - 13.30



## LESETIPS

### BARN OG UNGDOM

Bringsværd,Tor Åge:  
Karsten og Petra  
(3 nye fortellinger)



Baeten,Lieve:  
Lussi og det magiske  
huset



Børøchstein,Ove:  
Svart natt

Eide,Torill:  
Skjulte ærend




### VAKSNE

Vik,Bjørg:  
Elsi Lund

Øygarden,Bjørg:  
Fjell

Baugstø,Nils:  
Brist

Schjander,Nils:  
Tårer for en sønn



Har du lyst på noko lite og godt? Ta ein titt i dikt-tralla!



# **LIKNINGA FOR 1993**

## **DEI STØRSTE FORMUENE KNYTTA TIL PRIMÆRNÆRINGANE**

Desse 10 har størst formue i Bokn:

		Formue	Inntekt	Skatt
1.	Alvestad,Magne	fiskebåtr.	2.578.000	221.400
2.	Alvestad,Tor	fisk./pensj.	1.928.000	246.400
3.	Are,Ingolf B.	gardbr/tøm.	1.641.000	240.900
4.	Våga,Sigvart	gardbr.	1.630.000	369.000
5.	Alvestad,Lars M.	fiskebåtr.	1.528.000	403.400
6.	Nygård,Harald	verkstadeig.	1.390.000	288.500
7.	Bokneberg,Magne	skipsf.	1.385.000	611.000
8.	Svendsen,Sigurd J.	gardbr.	1.356.000	0
9.	Bokneberg,Dagfinn	industr.a.	1.265.000	215.300
10.	Kro,Kjell	pensj.	1.264.000	81.624
				66.034

Desse 10 hadde høgast inntekt i 1993:

		Formue	Inntekt	Skatt
1.	Alvestad, Ingvar	offsh.a.	388.000	624.000
2.	Bokneberg,Magne	skipsf.	1.385.000	611.000
3.	Høydal, Jan		0	578.200
4.	Øvrebø, Ole	offsh.a.	273.000	534.800
5.	Bryningsland,Kjell T.	offsh.a.	758.000	418.900
6.	Christiansen,Geir T.	offsh.a.	0	416.600
7.	Vatnaland, Rune	offsh.a.	164.000	405.200
8.	Alvestad,Lars M.	fiskeb.r.	1.528.000	403.400
9.	Nilssen,Helge K.	offsh.a.	0	399.500
10.	Våga, Kleng M.	direktør	113.000	396.100
				166.053

Det er til saman 16 personar i Bokn som har formue over 1 million kroner.

# **LOKAL MARKERING AV FRIGJERINGSJUBILEET 8. MAI 1995**

Frigjeringsjubileet i 1995 vil bli markert skikkeleg både lokalt, på fylkesplan og på landsplan.

**HUS** i Alvestadkroken til leie fra ca. 1.nov. i år. 1. etasje: stor stue, kjøk., sover., gang og toal. Underetasje: 3 soverom, bad/WC, vaskerom, 2 bod. I tillegg: garasje, redsk.hus, drivhus. Husleie kr. 3.500 pr. mnd. Tlf. 52 74 84 72 kveldstid Mobil: 94493587.

Takk for blomster og oppmerksomhet ved Jensine Blikshavn si gravferd, og ein spesiell takk til personalet ved Bokn sjukestove for omsorg og god pleie.

Familien

Piggdekk på felg 13x155 så vidt  
brukt rimeleg til salgs.  
Tlf. 52 74 85 66

Nydeleg svart/kvit kattunge  
f. 11.07.94 gis bort.  
Ingjerd Thuestad

Her i Bokn kommune vil det også bli ei skikkeleg markering den 8. mai 1995. Det er oppnemnt ei eiga nemnd som skal utarbeida eit program for feiringa. I tillegg til feiringa av sjølve dagen, vil det også bli arbeidd med markeringa på andre måtar, m.a. ved at skuleelevar på dette tidspunktet vil få avsett ekstra tid til å arbeida med dette emnet.

**BIL**  
Daf 1975 mod. automatgir 59400 km.  
til salgs.  
Tlf 52 74 83 11

## **MIDLAR- RUSFOREBYGGJANDE TILTAK**

Helse- og sosialstyret har att ca. kr. 4.000 som skal delast ut til lag eller organisasjon(ar) som vil bruka midlar til rusforebyggjande tiltak. Søknad med opplysningar om korleis midlane er tenkt brukt skal sendast til Bokn sosialkontor innan utgangen av oktober.

## **BOKN BYGDABLAD**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373 07 00305

**BYGDABLADNEMND:**  
Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,  
Liv Vatnaland

**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 400,-  
Halv side: kr. 150,-  
 $\frac{1}{4}$  side: kr. 75,-      1/8 side: kr. 50,-  
Små privatannonser: KR. 10,-

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd.    10 nr. årleg.

**LENSMANN**

*Første fredag i kvar mnd.  
kl. 10 - 12 i Boknatun*

**LANDBRUKSKONTORET**

*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

**FOTPLEIE**

*Onsdag den 12. oktober.  
Påmelding tlf. 52 74 85 00*

**DANS/SHOW**

Laurdag den 15. oktober på Bokn skule med orkesteret Susan og Hans. Steinar Lyse underheld med «Lyse øyeblikk» Sjå oppslag.

**BASAR**

Bokn Røde Kors har basar på Bokn skule laurdag den 1. oktober kl. 14.00. Hovud gevinst er leikehytte til ein verdi av kr. 7.500.

**MØTE**

*på Bokn Bedehus 02.10. kl.  
19.30 v/ Helga Hausken.  
Kollekt til Santalmisjonen.  
Alle velkomne.*



**09.10: Kl.11. Familiegudsteneste v/**

*Aurdal. Hausttakkefest.  
1.klasse deltek. Offer til  
Rogalandsgarden.*

**23.10: Kl.11. Gudsteneste v/Aurdal**  
*og prost Arne Øystese.  
Prostevistas. Nattverd.*

**SUNDAGSSKULE**

*Kyrkjebygd skule*

*2. oktober  
30.oktober*

**BASAR**

*Sjømannsmisjonen har basar på  
Bokn Bedehus laurdag den  
8.oktober kl. 19.30.  
Andakt av Dagfinn Misje.*

**BASAR**

*Bedehusbasaren vert på Bokn  
Bedehus den 29.10 kl. 19.30.  
Talar: sokneprest Trygve Sandvik.  
Gåver mottas med takk.*